

## **SAK 24/21 TILSKOT/SPONSORORDNING FOR IDRETTS- OG KULTURAKTIVITETAR I HALLINGDAL**

### **Saksopplysning:**

I sak 38/20 sponsormidlar, gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett vil frå 2021 etablere ei felles tilskots/sponsorordning for idretts- og kulturaktivitetar i Hallingdal, der Regionrådet for Hallingdal administrera løysinga og der Hallingdal Kraftnett løyver eit årleg tilskot til løysinga. Hallingdal Kraftnett AS deltek i saker der det skal gjerast vedtak om kven som får tildelt midlar.
2. Følgjande retningslinjer skal gjelde for ordninga:
  - Tilskot skal gjelde tiltak med mogelegheit å famne heile Hallingdal
  - Tilskot skal gjelde barn og unge
  - Enkeltpersonar kan ikkje søkje om tilskot
  - Tilskot skal profilere Hallingdal på ein positiv måte
3. Årleg beløp på kr. 300 000 blir disponert på følgjande måte
  - a. Kr. 100.000 til Hallingdal Fotballklubb er allereie disponert direkte av styret i HKN med bakgrunn i årleg samarbeidsavtale
  - b. Kr. 200 000 blir disponert av regionrådet i samarbeid med Adm. dir. i HKN. Dette beløpet kan det søkjast om tilskot frå, søknadsfrist 1.mars. Det er opning for å søkje om fleirårig løyving.
4. Det skal haldast årleg evalueringssmøte av ordninga, mellom Regionrådet for Hallingdal og Hallingdal Kraftnett, som regionrådet tek initiativet til.

### **Økonomi:**

Sponsormidlane er løyvd frå Hallingdal kraftnett.

Det står udisponerte midlar frå 2020 på totalt kr. 150 000

For 2021 har styret i Hkn løyvd kr. 300 000 der 100 000 skal gå til HFK og 200 000 skal gå til Regionrådet. I tillegg har Hkn sagt at dei løyver kr 200 000 til filmprosjekt «det kvite gullet» 100 000 av desse midlane skal takast frå Regionrådspotten om denne er tilgjengeleg. Om Regionrådet har disponert midlane, vil filmprosjektet berre få kr 100 000 i 2021.

Det betyr at Regionrådet i beste fall har kr. 350 000 til disposisjon, eventuelt kr. 250 000 om filmprosjektet skal få full pott.

Det er 4 aktørar som har søkt om til saman kr. 310 000 i støtte

- |   |                   |
|---|-------------------|
| • Skjærgårds Live: Avslutningsfestival for 10. klassingar i Hallingdal: | Søker kr 150000   |
| • Hugnad UL: Folkedansopplæring på Hugnadheim på Torpo.                 | Søker kr. 50 000  |
| • Hallingdal Juniorspelemannslag. Folkemusikkopplæring.                 | Søker kr. 50 000  |
| • Hemsedal Mållag. Dialekt leir og kvedarkæmp.                          | Søker kr. 60 000. |

### **Vurdering:**

**Skjærgårds Live ÅL (SG Live)** har to gonger arrangert avslutningsfestival for alle 10. klassingar i Hallingdal, med god deltaking. På programmet har det vore konsert med ein toppartist, aktivitetar, konkurransar og sal av mat. Festivalen har vore gratis for ungdomane. Det har vore mogleg gjennom støtte frå næringsliv, kommunar, ungdomsråd, Sparebankstiftelsen og legatmidlar. SG Live vender seg no til regionrådet med ynskje om å få fast støtte til arrangementet over tid.

Ein rusfri avslutningsfest som alternativ til tidlegare, meir konfliktfylte alternativ har vist seg å vera ein suksess. Arrangementet har eit budsjett på om lag 200 000 kr og det blir lagt ned mange dugnadstimar utover det. Det er ein seriøs arrangør som samarbeider tett med skule, FAU, foreldre, politiet, Røde kors mtp for å få gjennomført arrangementet. Dagleg leiar meiner at søknader er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett.

SG Live har søkt kr. 150 000 i tilskot til arrangementet og ønskjer, slik me les søknaden å få denne stønadssummen over tid.

**Hugnad UL** har drive folkedansopplæring på Hugnadheim på Torpo i 25 år, med deltakarar frå nesten heile Hallingdal. Det har vore god deltaking heile tida og dei siste 14 åra har det til ein kvar tid vore 50-60 unge i alderen 7 til 19 år med på aktivitetane. I alle desse 25 åra er det Gunnlaug Lien Myhr og Martin Myhr som har stått for det pedagogiske arbeidet.

Dagleg leiar meiner at søknader er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for tildeleging av midlar. Dette er den einaste aktøren i Hallingdal som har ført vidare dansetradisjonane i dalen vidare over tid og med ein langsiktig horisont, og dei viser til god deltaking i ein aktivitet som går føre seg store delar av året.

**Hallingdal Juniorspelemannslag** vart starta i 2006 for å gje unge utøvarar på hardingfele i Hallingdal eit tilbod i tillegg til kulturskulane. I 2010 vart langeleikundervisning innlemma i laget. Sidan dei kommunale skulane ikkje tilstrekkeleg tilbod, har Hallingdal Juniorspelemannslag drive prosjektet Ung Halling sidan hausten 2018. Der driv dei opplæring i torader og langeleik, og støtteundervisning i hardingfele, samt prosjekt for folkesong, «Kvedarrekrutten». Der er det påmeldt over 20 unge songarar frå 5 kommunar i Hallingdal.

Pr. 1. januar 21 har laget 2 på hardingfele og 3 på langeleik i det ordinære laget, og 5 hardingfele, 6 på torader og 5 på langeleik i Ung Halling.

I tillegg til instrumentopplæring, arrangerer laget «Storhelg i Hallingdal». Det er ei av dei største samlingane i landet for tenåringar som held på med folkemusikk og dans. Vi har hatt opptil 100 deltakarar frå heile Sør-Norge, der om lag ein fjerdedel er frå Hallingdal. 2021 blir 7. året, og budsjettet for helga er om lag 250.000,- som vi må skaffe kvart år.

Dagleg leiar meiner at søknader er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for tildeleging av midlar. Dette er ein aktør som har ført folkemusikktradisjonane i dalen vidare og dei viser til god deltaking i ein aktivitet som går føre seg store delar av året.

**Dialektleir/Kvedarkæmp i Hemsedal.** Årets SOMMAR-dialektleir vil vera ein kvedarkæmp, på Krosstølane i Hemsedal, som ei spissing og ei vidareføring av «Støsliv på halling»/dialektleirane, med avslutning på scena på Ung i Fauskivalen, fredag 13. august 2021. I tillegg vil det vera to haustsamlingar på stølen – ein for barn og ein for ungdom (september/oktober). Budsjetter på 160 000 omfattar alt dette, samt arbeidet med å evaluere og vidareføre dette i former som gjer at dialektarbeidet kan få ei sikker, langsiktig og jamn framdrift i Hallingdal.

Dagleg leiar meiner at søknader er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for tildeling av midlar. Dette er ein aktør som kombinerer dialektarbeid, stølskultur og folkemusikk. . Det er eit arrangement med relativ få deltakarar (ca 15) som går over 4 dagar på sommaren.

#### Konklusjon:

Dagleg leiar vurderer det slik at alle 4 søkjarar er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for tildeling av midlar. SkjergårdsLive er eit eindagsarrangement, men eit god erstatning for det som har vore før. Det er noko usikkerheit knytt til gjennomføringa, pga smittesituasjonen, men pr. i dag er arrangøren innstilt på at det skal gjennomførast.

Både folkedans på i regi av Hugnad UL og Hallingdal juniorspelemannslag driv målretta aktivitet for mange heile året og bør få heile søknadssummen. Dialektleir er noko smalare og har kortare varigheit, men fyller kriteria for tildelinga. I forslag til vedtak ligg det inne ei fordeling på kr. 250 000. Det betyr at Regionrådet går inn for at filmprosjektet «Det kvite gullet» får kr 200 000 i 2021 og ikkje berre kr. 100 000.

#### Forslag til vedtak:

Regionrådet løyver totalt kr. 250 000 til idretts og kulturformål, fordelt slik:

1. Kr 120 000 til avslutningsfestival for 10. klassingar i Hallingdal i regi av Skjærgårds Live: Midlane blir overført til neste år om arrangementet ikkje kan gjennomførast i år.
2. Kr 50 000 til folkedansopplæring i regi av Hugnad UL
3. Kr 50 000 til folkemusikkopplæring i regi av Hugnad UL
4. Kr 30 000 til dialektleir og haustsamlingar i regi av Hemsedal mållag. Midlane blir overført til neste år om arrangementet ikkje kan gjennomførast i år.

Vedlegg

Søknader frå

Skjærgårds Live:

Hugnad UL:

Hallingdal Juniorspelemannslag.

Hemsedal Mållag.